

Møtestad: Skei

Deltakarar: Hildegunn R. Gjelsvik, Knut P. Bøyum, Jorunn Sundal, Inge Masdal

Ikkje til stades: Alf Jørgen Bråtane, Olaf Skjerdal (1. vara)

Styresaker:

1. Rekneskap og budsjett
 2. Årsmelding
 3. Overføring av midlar frå konto til Jul i Sogn til driftsmidlar
 4. Æresmedlemmer av SOFUL
 5. Orientering om Sunnfjordfilmen
-
1. Christoffer orienterte om rekneskapen for 2018 og utkast til budsjett. Rekneskapen viser eit underskot på - 93 853,- Bakgrunn for underskot er m.a. høgare lønnskostnader og svakare sal av julehefte enn budsjettet. Christoffer arbeider med budsjett for 2019. Det er ikkje mogleg å gå i balanse utan å bruke av eigenkapital, men Christoffer vil arbeide vidare med korleis det er mogleg å auke inntektene. Styret gjorde vedtak på å halde seg til årsmøtevedtak om at Christoffer skal lønnast i 20% stilling ut 2019. Underdekning i budsjettet vil ein dekke opp med bruk av eigenkapital. Christoffer utarbeider forslag til budsjett og sender til styret.
 2. Styret diskuterte årsmeldinga. Christoffer vil rette opp feil i meldinga og sende den til styret før den vert lagt ut på www.soful.
 3. Pr. 31.12.2018 står det 467 546,39,- som bankinnskot Jol i Sogn. Styret gjorde vedtak på at midlar frå denne kontoen kan overførast til driftskonto (nyttast som driftsmidlar). Føresetnaden er at det til ein kvar tid er nok midlar på kontoen til Jul i Sogn til å betale kostnader i samband med trykking av Jol i Sogn og Jol i Sunnfjord.
 4. Styret var diverre ikkje klar over gravferda for Petter Eide, æresmedlem av SOFUL. Styret gjorde vedtak på å minnast Eide under årsmøtet. Jorunn foreslo å spele av opptak av Eide av NRK under årsmøtet. Christoffer vil syte for dette.
 5. Hildegunn orienterte om stoda rundt Sunnfjordfilmen. Det vart gjort vedtak om at Hildegunn fortsett dialogen med banken om råderett til kontoen. Jorunn snakkar med Harald Kvamme om Sunnfjordfilmen. Avhengig av dette vil styret vurdere om ein skal gå vidare med saka ovanfor banken.

Referent

15.2.2019

Christoffer Knagenhjelm

Rådgjevar for kulturbygg og ungdomslag i Sogn og Fjordane

